



*bustadkreditt  
sogn og fjordane*



# Kvartalsrapport

2. kvartal 2024 (ikkje revidert)

# Innhald

3	Hovudtal
4	Kvartalsrapport pr. 30.06.2024
7	Resultat
8	Balanse
9	Kontantstraumoppstilling
10	Eigenkapitaloppstilling
11	Notar
20	Erklæring frå styret og dagleg leiar
21	Opplysningar om selskapet

Framsidefoto: Lene Neverdal

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS



# Hovudtal

## TAL I TUSEN KRONER

RESULTATREKNESKAP	30.06.24	30.06.23	31.12.23
Resultat etter skatt	103 914	71 534	143 385
Netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,03 %	0,78 %	0,76 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,78 %	0,51 %	0,52 %

## HOVUDTAL FRÅ BALANSEN

Brutto utlån til kundar	26 214 293	25 737 964	25 127 741
Nedskrivning på utlån	32 932	32 980	36 588
Eigenkapital	2 266 743	2 233 978	2 305 829
Forvaltningskapital	26 978 385	26 538 095	25 807 397
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	26 508 418	28 325 090	27 512 185

## ANDRE NØKKELTAL

Kostnader i % av driftsinntekter	5,51 %	6,75 %	6,83 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (Resultatført)	- 0,01 %	0,04 %	0,06 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (Balanseført)	0,13 %	0,13 %	0,15 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt *)	9,19 %	6,46 %	6,55 %
Kapitaldekningsprosent	21,44%	21,70 %	22,22 %
LCR (Likviditetsindikator)	882 %	972 %	705 %
NSFR (Likviditetsindikator)	119 %	108 %	103 %

## BALANSEUTVIKLING 12 MND. VEKST

Vekst i forvaltningskapital	1,66 %	1,41 %	- 8,90 %
Vekst i utlån til kundar	1,85 %	0,82 %	- 10,06 %

## OPPLYSNINGAR OM UTLÅNSPORTEFØLJEN

Overdekning i sikringsmassen (mill. kr)	3 776	4 341	3 778
Overdekning i sikringsmassen (%)	17,2 %	20,7 %	18,2 %
Indeksert belåningsgrad	51,9 %	53,9 %	56,7 %
Uindeksert belåningsgrad	58,4 %	60,1 %	59,1 %
Utferda OMF-volum pålydande (mill. kr)	21 925	20 938	20 942
Anna fyllingsikkerheit enn utlån (mill. kr)	143,3	246,9	228,8
Vekta tid sidan låna vart oppretta (år)	3,8	3,7	3,8
Vekta restløpetid for utlåna (år)	19,4	19,5	19,3
Andel lån med flytande rente	100,0 %	99,8 %	100,0 %
Andel lån med fast rente	0,0 %	0,2 %	0,0 %
Andel fleksilån	14,4 %	13,4 %	14,3 %
Gjennomsnittleg volum pr. lån (mill. kr)	1,66	1,57	1,59
Tal lån	15 723	16 356	15 787
Andel lån med trygd i bustad i utlandet	0 %	0 %	0 %

\*) Rekna av resultat etter skatt, delt på snitt av inngåande og utgåande eigenkapital frå og med 31.03.24. I tidlegare periodar er eigenkapitalavkastning rekna av inngåande eigenkapital justert for utbetalt utbytte.

# Kvartalsrapport 30.06.2024

## Hovudtrekk

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er eit heileigd dotterselskap av Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet har hovudkontor i Førde.

Gjennom Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane sikra langsiktig finansiering til konkurransedyktige vilkår. Finansieringa skjer ved utferding av obligasjonar med fortrinnsrett. Tenester som kundeoppfølging, forvaltning av lån, dagleg leing og administrative tenester blir leverte av Sparebanken Sogn og Fjordane.

I løpet av året vert Sparebanken Sogn og Fjordane del av SpareBank 1-alliansen. Morbanken vil framover nytte seg av det felleseigde SpareBank 1 Boligkreditt ved overføring av lån, og vil som følgje av dette gradvis trappe ned bruken av Bustadkreditt Sogn og Fjordane. Selskapet vil oppretthalde alle sine løpande forpliktingar.

Ved utgangen av juni 2024 hadde kredittføretaket 15.723 bustadlån på til saman 26,2 mrd. kr. Låna i sikringsmassen er innvilga av Sparebanken Sogn og Fjordane, og deretter kjøpte av Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Ved utgangen av juni hadde alle lån flytande rente. Av utlåns-volumet er 14,4 % fleksilån.

Gjennomsnittleg lånegrad (vekta etter saldo) er 51,9 %, vekta gjennomsnittleg nedbetalingstid er 19,4 år og vekta tid sidan låna vart oppretta er 3,8 år. Gjennomsnittleg lån pr. kunde er på 1,66 mill. kr. Veksten i utlånsmassen siste året er 0,5 mrd. kr.

Volumet av utferda obligasjonar med fortrinnsrett er på 21,9 mrd. kr.

## Rating OMF

OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS vart i 2011 tildelt Long term rating Aaa av ratingbyrået Moody's, og TPI Leeway vart sett til 2. Ved utgangen av 2. kvartal 2024 er Long term rating framleis Aaa, og TPI Leeway er 4. I juni 2023 fekk BSF tildelt issuer rating A1 av Moody.

## Berekening av lånegrad

Lånegrad er berekna som bevilgning delt på panteverdi. Panteverdien er fastsett i estimeringsmodellen til Eiendomsverdi AS. Denne modellen blir brukt av alle norske kredittføretak.

## Hovudtal

(Tala i parentes er pr. 30.06.23)

- Resultat etter skatt 103,9 mill. kr (71,5 mill. kr)
- Rentenetto 135,8 mill. kr (110,1 mill. kr)
- Driftskostnader 7,6 mill. kr (7,5 mill. kr)
- Netto vinst på finansielle instrument 0,2 mill. kr (- 0,4 mill. kr)
- Tilbakeføring/inntektsføring av tap på utlån 3,7 mill. kr (mot tap på 11,6 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning etter skatt 9,19 % p.a. (6,46 % p.a.)
- Rein kjernekapitaldekning 21,44 % (21,70 %)

## Resultat

Resultat pr. 2. kvartal 2024 før skatt er på 133,2 mill. kr. Resultat etter skatt er på 103,9 mill. kr og gir ei eigenkapitalavkastning på 9,19 % p.a. Tilsvarende tal pr. 2. kvartal 2023 var eit resultat før skatt på 91,7 mill. kr, resultat etter skatt på 71,5 mill. kr, og ei eigenkapitalavkastning på 6,46 %. Resultat etter skatt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 0,78 %, mot 0,51 % på same tid i fjor.

## Netto renteinntekter

Netto renteinntekter er på 135,8 mill. kr. Rente-nettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer 1,03 % pr. 30.06.24. Tilsvarende tal pr. 30.06.23 var 110,1 mill. kr og 0,78 %.

## Driftskostnader

Driftskostnadene er 7,6 mill. kr, mot 7,5 mill. kr på same tid i 2023. Kjøp av tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane er den største kostnadsposten, etterfølgt av kjøp av tenester frå Eiendomsverdi, ratingkostnader og kostnader ved utlegging av obligasjonar.

Kostnadsprosenten er 5,51 %, mot 6,75 % på same tid i fjor.

## Forventa tap på utlån mv.

Kredittforetaket nyttar Sparebanken Sogn og Fjordane sine retningslinjer for vurdering av forventa tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar. Selskapet har pr. 30.06.24 i alt 28 lån med brutto utlån 48,6 mill. kr i misleghald over 90 dagar. Selskapet har ingen konstaterte tap.

Pr. 2. kvartal 2024 er det tilbakeført/inntektsført 3,7 mill. kr på endring i forventa tap. Samla balanseført avsetning til forventa tap er på 33,0 mill. kr.

For nærare forklaring viser ein til note 3 og 4 der det m.a. er laga ei sensitivitetsanalyse som viser korleis forventa tap kan bli påverka gitt ulike scenario for utvikling i makroøkonomiske parameter.

## Balansen


Selskapet har ein forvaltningskapital på 27,0 mrd. kr pr. 30.06.24. Forvaltningskapitalen har auka med 0,4 mrd. kr dei siste 12 mnd. (+1,7 %).

## Utlån til kundar og anna fyllingssikkerheit

Samla sikringsmasse er 25,7 mrd. kr, og er 17,2 % høgare enn volumet av utferdte obligasjonar med fortrinnsrett. Av dette er det etablert fyllingssikkerheit med i alt 143,3 mill kr.

63,6 % av utlånsporteføljen i Bustadkreditt Sogn og Fjordane er innanfor 60 % av panteverdien. Risikoen i utlånsporteføljen blir vurdert som låg. Figuren under viser vekta belåningsgrad for låna som ligg i kredittforetaket.

## Belåningsgrad



Den geografiske fordelinga av bustadporteføljen ser slik ut:

### 5 STØRSTE FYLKE I UTLÅNSVOLUM

Fylke	Prosent
Vestland	72,8 %
Oslo	10,8 %
Akershus	7,3 %
Møre og Romsdal	1,7 %
Rogaland	1,4 %
Resten av landet	6,0 %
<b>Totalt</b>	<b>100 %</b>

### 5 STØRSTE KOMMUNAR I UTLÅNSVOLUM

Kommune	Prosent
Bergen	17,3 %
Sunnfjord	15,8 %
Kinn	11,2 %
Oslo	10,8 %
Sogndal	6,2 %
Resten av landet	38,7 %
<b>Totalt</b>	<b>100 %</b>

### FORDELING UTLÅNSVOLUM

Lånestørrelse	Volum (mill. kr.)
0 - 1 mill.	2.627
1 - 2 mill	6.680
2 - 3 mill.	7.026
3 - 4 mill.	4.392
over 4 mill.	5.489
<b>Totalt</b>	<b>26.214</b>

## Eigenkapital og kapitaldekning

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har pr. 30.06.24 ein eigenkapital på 2.267 mill. kr. Kapitaldekninga er på 21,44 %. Tilsvarende tal for 2. kvartal 2023 var ein eigenkapital på 2.234 mill. kr og ein kapitaldekning på 21,70 %.

I 1. kvartal 2024 vart det betalt ut eit utbytte på 143,0 mill. kr til morbanken.

## Likviditet

Ved utgangen av 2. kvartal 2024 hadde Bustadkreditt Sogn og Fjordane fyllingssikkerheit i form av bankinnskott i Sparebanken Sogn og Fjordane på 143,3 mill. kr. Selskapet har også obligasjonar til ein bokført verdi på 574,2 mill. kr. Desse obligasjonane ligg utanfor sikringsmassen.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har sterke trekkrettar hos Sparebanken Sogn og Fjordane. Desse skal sikre at selskapet er i stand til å dekke kundane sine opptrekk på etablerte fleksilån, at selskapet har mellomfinansiering ved overføring av lån frå morbanken til kredittforetaket og finansiering av nødvendig overdekning i sikringsmassen.

## Risiko

Med konsesjon som kredittføretak er Bustadkreditt Sogn og Fjordane underlagt lover, forskrifter og regelverk som set avgrensingar for risikoen selskapet kan vere eksponert for. Styret og dagleg leiar er ansvarlege for at det er etablert ei forsvarleg risikostyring, og at denne er tilstrekkeleg og i samsvar med lover og reglar.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane er utsett for kredittrisiko, operasjonell risiko, likviditetsrisiko og renterisiko. Styret legg vekt på at selskapet skal ha låg risiko. Det er utarbeidd rammer for risiko-eksponeringa knytt til dei ulike risikotypene, og det er etablert system for måling, styring og kontroll av ulike risikotypar.

### Kredittrisiko

Kredittrisiko er fare for tap som følgje av at kundane/motparten ikkje har evne eller vilje til å oppfylle pliktene sine overfor Bustadkreditt Sogn og Fjordane.

Selskapet har i eigen kravspesifikasjon fastsett krav til lån som kan kjøpast frå morbank. Krava er strenge, og medfører at kredittrisikoen i utgangspunktet er låg. Krava spesifiserer lånetype, lånegrad, risikoklasse og type pant som må vere på plass for å kunne kjøpe låna. Ved utgangen av 2. kvartal 2024 er vekta belåningsgrad i selskapet 51,9 % målt i forhold til godkjend verdi på panteobjekta utarbeidd av Eiendomsverdi AS. Styret vurderer kvaliteten på låneporteføljen som god og kredittrisikoen som låg.

### Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko som oppstår som følgje av at føretaket har posisjonar i utlån og finansielle instrument der verdiane over tid blir påverka av endringar i marknadsprisar. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ikkje investert i aksjar eller valuta, så all marknadsrisiko knyt seg difor til renterisiko. I risikorammene til selskapet er det sett rammer for kor stor marknadsrisiko selskapet kan ta. Styret legg vekt på at Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS skal ha låg marknadsrisiko.

Førde 13.08.2024

Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Frode Vasseth  
Styreleiar

Ole Aukland

Andrea Kvamsdal

Peter Midthun

Linda Vøllestad Westbye

Irene Flølo  
Dagleg leiar

### Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at føretaket ikkje klarer å oppfylle pliktene sine og/eller finansiere ein auke i eigedelane, utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på eigedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering.

Styret har vedteke at selskapet skal ha låg likviditetsrisiko. Dette blir mellom anna reflektert i krav til storleiken på likviditetsreserven. Kredittavtalane mot morbanken er også viktige for å redusere likviditetsrisikoen til selskapet.

### Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som fare for tap som skuldast menneskelege feil, eksterne hendingar eller svikt og manglar i føretaket sine system, rutinar og prosessar. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har inngått ein avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane som mellom anna omfattar levering av tenester knytt til kundehandtering, AHV arbeid, administrasjon, IT-drift, økonomi og risikostyring. På desse områda er det banken som må rette opp eventuelle feil, som blir gjort, og handtere den operasjonelle risikoen. Det er styret si vurdering at dette blir gjort på ein god måte.

## Oppsummering

Selskapet kan vise til gode tal og stabil drift i første halvår 2024. Selskapet leverer ein rentenetto på 135,8 mill. kr, ein auke på 23,4 % samanlikna med 1. halvår i fjor. EK-avkastninga er på 9,19 %. Vekst i utlånsvolum vert løpande tilpassa behovet for sikkerhetsmasse fram mot overgang til bruk av det felleseigde Sparebank 1 Boligkreditt. Selskapet har solid kapitaldekning, god kostnadskontroll og ingen konstaterte tap, og vil oppretthalde alle sine løpande forpliktingar i tida som kjem.

# Resultat

	Note	2. kvartal 2024	2. kvartal 2023	01.01.-30.06. 2024	01.01.-30.06. 2023	År 2023
Renteinntekter		388 499	315 729	760 900	625 375	1 326 221
Rentekostnader		317 334	263 827	625 105	515 319	1 117 738
<b>Netto renteinntekter</b>		<b>71 165</b>	<b>51 902</b>	<b>135 796</b>	<b>110 056</b>	<b>208 483</b>
Provisjonsinntekter		556	557	1 111	1 121	2 231
<b>Netto provisjonsinntekter</b>		<b>556</b>	<b>557</b>	<b>1 111</b>	<b>1 121</b>	<b>2 231</b>
Netto vinst/tap på finansielle instrument		2 340	- 7 558	206	- 436	2 860
<b>Sum andre driftsinntekter</b>		<b>2 340</b>	<b>- 7 558</b>	<b>206</b>	<b>- 436</b>	<b>2 860</b>
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>2 895</b>	<b>- 7 001</b>	<b>1 317</b>	<b>685</b>	<b>5 091</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>74 060</b>	<b>44 901</b>	<b>137 113</b>	<b>110 741</b>	<b>213 574</b>
Lønn og andre personalkostnader		0	0	0	0	46
Andre driftskostnader		3 578	3 707	7 559	7 476	14 550
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>3 578</b>	<b>3 707</b>	<b>7 559</b>	<b>7 476</b>	<b>14 596</b>
<b>Driftsresultat før nedskrivning på utlån</b>		<b>70 482</b>	<b>41 194</b>	<b>129 554</b>	<b>103 264</b>	<b>198 978</b>
Nedskrivning på utlån(+)/ tilbakeføring nedskrivning(-)	3, 4, 5	- 2 260	- 1 180	- 3 669	11 555	15 151
<b>Resultat av ordinær drift</b>		<b>72 742</b>	<b>42 374</b>	<b>133 223</b>	<b>91 709</b>	<b>183 827</b>
Skatt		16 004	9 321	29 309	20 175	40 442
<b>Resultat for perioden</b>		<b>56 738</b>	<b>33 053</b>	<b>103 914</b>	<b>71 534</b>	<b>143 385</b>
<b>TOTALRESULTAT</b>						
<b>Resultat for perioden</b>		<b>56 738</b>	<b>33 053</b>	<b>103 914</b>	<b>71 534</b>	<b>143 385</b>
Andre innrekna inntekter og kostnader		0	0	0	0	0
<b>Totalresultat</b>		<b>56 738</b>	<b>33 053</b>	<b>103 914</b>	<b>71 534</b>	<b>143 385</b>

# Balanse

<b>EIGEDELAR</b>	Note	30.06.24	30.06.23	31.12.23
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar		143 318	246 862	228 804
Utlån til kundar	3,4,5	26 181 361	25 704 985	25 091 153
Sertifikat og obligasjonar		574 237	507 742	433 079
Finansielle egedelar		77 614	76 620	54 361
Andre egedelar		1 855	1 886	0
<b>Sum egedelar</b>		<b>26 978 385</b>	<b>26 538 095</b>	<b>25 807 397</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>				
<b>Gjeld</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar		2 972 232	3 150 790	2 606 451
Verdipapirgjeld	6	21 262 294	20 618 489	20 521 113
Finanselle derivat		438 123	506 457	327 609
Betalbar skatt		29 309	20 175	38 420
Utsett skatt		5 953	3 930	5 953
Anna gjeld og avsetningar		3 731	4 275	2 022
<b>Sum gjeld</b>		<b>24 711 642</b>	<b>24 304 117</b>	<b>23 501 568</b>
<b>Innskoten eigenkapital</b>				
Aksjekapital		2 150 000	2 150 000	2 150 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>2 150 000</b>	<b>2 150 000</b>	<b>2 150 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>				
Annan eigenkapital	7	116 743	83 978	12 829
Avsett til utbytte		0	0	143 000
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>116 743</b>	<b>83 978</b>	<b>155 829</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>2 266 743</b>	<b>2 233 978</b>	<b>2 305 829</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>26 978 385</b>	<b>26 538 095</b>	<b>25 807 397</b>

Førde, 13.08.2024

Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Frode Vasseth  
Styreleiar

Ole Aukland

Andrea Kvamsdal

Peter Midthun

Linda Vøllestad Westbye

Irene Flølo  
Dagleg leiar



# Kontantstrømoppstilling

	30.06.24	30.06.23	31.12.23
Resultat før skatt	133 223	91 709	183 827
Nedskrivning på utlån/garantiar	- 3 669	11 555	15 151
Betalt skatt	- 38 420	- 31 436	- 31 436
Reduksjon/auke (-) i utlån til og krav på kundar	- 1 086 552	2 200 138	2 810 362
Andre ikkje kontanttransaksjonar	- 133	1 125	771
<b>A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar</b>	<b>- 995 551</b>	<b>2 273 091</b>	<b>2 978 675</b>
Reduksjon/auke (-) i plassering i sertifikat/obligasjonar/derivat	- 164 411	- 308 350	- 211 428
<b>B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar</b>	<b>- 164 411</b>	<b>- 308 350</b>	<b>- 211 428</b>
Auke/reduksjon (-) i lån frå kredittinstitusjonar	365 781	- 1 167 729	- 1 712 069
Auke/reduksjon (-) i verdipapirgjeld/ derivat	851 695	- 568 256	- 844 480
Auke/reduksjon i innbet aksjekapital	0	0	0
Utbytte	- 143 000	- 118 000	- 118 000
<b>C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar</b>	<b>1 074 476</b>	<b>- 1 853 985</b>	<b>- 2 674 549</b>
<b>D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)</b>	<b>- 85 486</b>	<b>110 756</b>	<b>92 699</b>
Likviditetsbeholdning inngåande behaldning	228 804	136 106	136 106
<b>Likviditetsbeholdning utgåande behaldning</b>	<b>143 318</b>	<b>246 862</b>	<b>228 804</b>
<b>Spesifikasjon av likviditetsbeholdning</b>			
Innskot i andre finansinstitusjonar	143 318	246 862	228 804
<b>Sum</b>	<b>143 318</b>	<b>246 862</b>	<b>228 804</b>

# Eigenkapitaloppstilling

	INNSKOTEN EIGENKAPITAL Aksjekapital	OPPTENT EIGENKAPITAL Annan eigenkapital	TOTAL EIGENKAPITAL
<b>Inngående eigenkapital 01.01.23</b>	<b>2 150 000</b>	<b>130 444</b>	<b>2 280 444</b>
Utdelt utbytte	0	- 118 000	- 118 000
Resultat for perioden	0	143 385	143 385
<b>Utgående eigenkapital 31.12.23</b>	<b>2 150 000</b>	<b>155 829</b>	<b>2 305 829</b>
<b>Inngående eigenkapital 01.01.24</b>	<b>2 150 000</b>	<b>155 829</b>	<b>2 305 829</b>
Utdelt utbytte	0	- 143 000	- 143 000
Resultat for perioden	0	103 914	103 914
<b>Utgående eigenkapital 30.06.24</b>	<b>2 150 000</b>	<b>116 743</b>	<b>2 266 743</b>

# Notar til rekneskapen

## Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

### GRUNNLAG FOR PRESENTASJON

Rekneskapen for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS). Delårsrekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering». Alle tal er oppgitt i tusen kr, dersom ikkje anna er oppgitt.

### GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2023 for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Sjå: [www.ssf.no](http://www.ssf.no).

### ENDRINGAR I REKNESKAPSSTANDARDAR

Det er ingen endringar i rekneskapsstandardar eller tolkingar som har fått effekt for selskapet i 2. kvartal 2024.

## Note 2 Segment

Selskapet har eitt segment. Segmentet består av utlån til privatkundar og eit mindre volum av utlån til private næringsdrivande. Alle utlån er overført frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet driv ikkje verksemd utanfor Norge. Kundar med adresse i utlandet blir klassifisert som ein del av den norske verksemda.

## Note 3 Resultatførte tap på utlån og unyttta trekkrettar

	2. kv. 2024	2. kv. 2023	Pr. 2. kv. 2024	Pr. 2. kv. 2023	2023
Auke/reduksjon i individuell nedskrivning	0	0	0	0	0
Auke/reduksjon i forventa tap (modellbasert)	- 2 260	- 1 180	- 3 669	11 555	15 151
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0	0
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	0	0	0	0	0
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	0	0	0	0	0
<b>Resultat av nedskrivning for perioden</b>	<b>- 2 260</b>	<b>- 1 180</b>	<b>- 3 669</b>	<b>11 555</b>	<b>15 151</b>

## Note 4 Nedskrivning fordelt på trinn i IFRS9

Når eit lån blir innrekna første gangen vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gangen blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning vil dette overstyre modellberekna tap på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3 i tabellen under.

2024	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.24</b>	<b>6 948</b>	<b>16 904</b>	<b>12 735</b>	<b>36 588</b>
Overføringar til trinn 1	492	- 3139	- 241	- 2 888
Overføringar til trinn 2	- 484	3307	- 918	1 905
Overføringar til trinn 3	- 7	- 570	1989	1 412
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	1 630	1 344	0	2 974
Finansielle egedelar som er frårekna	- 1 234	- 3 360	- 2 817	- 7 412
Endring i modell- og makroparametere	- 143	- 869	- 377	- 1 389
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 153	325	1 570	1 742
<b>Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 30.06.24</b>	<b>7 049</b>	<b>13 942</b>	<b>11 941</b>	<b>32 932</b>
<b>Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 30.06.24</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Samla nedskrivning på utlån pr. 30.06.24</b>	<b>7 049</b>	<b>13 942</b>	<b>11 941</b>	<b>32 932</b>

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Inngående nedskrivning på unyttta kredittar og garantiar pr. 01.01.24</b>	<b>198</b>	<b>94</b>	<b>0</b>	<b>292</b>
Overføringar til trinn 1	4	- 17	0	- 13
Overføringar til trinn 2	- 4	23	0	19
Overføringar til trinn 3	0	0	0	0
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	12	3	0	15
Finansielle egedelar som er frårekna	- 5	- 10	0	- 15
Endring i modell- og makroparametere	- 5	- 4	0	- 9
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	5	- 15	0	- 10
<b>Nedskrivning på unyttta kredittar og garantiar pr. 30.06.24</b>	<b>204</b>	<b>75</b>	<b>0</b>	<b>279</b>



## Note 4 Nedskrivning fordelt på trinn i IFRS9, framhald

2023	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.23</b>	<b>5 479</b>	<b>11 381</b>	<b>4 726</b>	<b>21 587</b>
Overføringar til trinn 1	207	- 1 835	- 49	- 1 677
Overføringar til trinn 2	- 679	3 503	- 406	2 418
Overføringar til trinn 3	- 5	- 860	1 534	669
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	689	1 902	460	3 051
Finansielle egedelar som er frårekna	- 978	- 1 796	- 1 327	- 4 101
Endring i modell- og makroparametere	2 523	5 851	4 961	13 335
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 561	- 1 568	- 219	- 2 348
<b>Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 30.06.23</b>	<b>6 675</b>	<b>16 579</b>	<b>9 681</b>	<b>32 935</b>
<b>Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 30.06.23</b>	<b>8</b>	<b>37</b>	<b>0</b>	<b>45</b>
<b>Samla nedskrivning på utlån pr. 30.06.23</b>	<b>6 683</b>	<b>16 616</b>	<b>9 681</b>	<b>32 980</b>

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.23</b>	<b>105</b>	<b>36</b>	<b>2</b>	<b>142</b>
Overføringar til trinn 1	0	- 3	0	- 3
Overføringar til trinn 2	- 10	25	0	15
Overføringar til trinn 3	0	0	0	0
Nye finansielle egedelar utferda eller kjøpt	5	6	0	11
Finansielle egedelar som er frårekna	0	0	0	0
Endring i modell- og makroparametere	84	63	3	151
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 3	- 9	0	- 11
<b>Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 30.06.23</b>	<b>182</b>	<b>118</b>	<b>5</b>	<b>305</b>

### Framtidige scenario i modell for nedskrivning etter IFRS9

Nedskrivningar skal ifølgje IFRS9-regelverket ta inn forventning om framtidig utvikling i mislighald og tap. Banken brukte i 2018 og 2019 ein statistisk modell for å beskrive samanhengen mellom venta utvikling i makroøkonomiske parametrar og framtidig mislighaldsnivå i banken. Koronapandemien og perioden etter førte til så store svingingar i dei makroøkonomiske variablane som inngår som forklaringsvariablar i modellen, at modellen ikkje lenger var egna til å predikere eit framtidig misleghald. Det er difor gjort kvalitative vurderingar av forventa utvikling i mislighaldsnivå og bustadpriser 5 år fram i tid, med bakgrunn i utsikter i Norges Bank sin Pengepolitiske rapport. Forventa tap blir berekna ved ei vekting av tapsresultatet frå 3 ulike scenario, sjå under.

Framtidig scenario frå berekning av forventa tap pr. 30.06.24	Misleghaldsnivå/PD målt mot utgangspunkt pr. 30.06.24					Bustadpriser	
	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Gj. sn. årleg vekst	Vekting av scenario
Scenario 1: Optimistisk scenario privatmarknad	1,65	1,50	1,35	1,20	1,00	0,06	0,25
Scenario 2: Venta scenario privatmarknad	2,20	2,00	1,80	1,60	1,40	0,05	0,50
Scenario 3: Pessimistisk scenario privatmarknad	2,97	2,70	2,43	2,16	1,89	0,03	0,25

## Note 5 Engasjement fordelt på steg i IFRS9

2024	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.24</b>	<b>21 833 253</b>	<b>3 056 419</b>	<b>238 068</b>	<b>25 127 741</b>
Overføringer til trinn 1	761 800	- 754 013	- 7 787	0
Overføringer til trinn 2	- 701 657	716 241	- 14 585	0
Overføringer til trinn 3	- 7 382	- 55 371	62 754	0
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	4 707 547	425 877	0	5 133 424
Finansielle egedelar som er frårekna	- 3 022 410	- 502 712	- 76 704	- 3 601 825
Andre endringar	- 414 988	- 28 211	- 1 847	- 445 046
<b>Brutto utlån til amortisert kost pr. 30.06.24</b>	<b>23 156 163</b>	<b>2 858 231</b>	<b>199 899</b>	<b>26 214 293</b>
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost pr. 30.06.24	7 049	13 942	11 941	32 932
<b>Netto utlån til amortisert kost pr. 30.06.24</b>	<b>23 149 114</b>	<b>2 844 290</b>	<b>187 957</b>	<b>26 181 361</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Brutto utlån til verkeleg verdi PL pr. 30.06.24</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi PL pr. 30.06.24	0	0	0	0
<b>Netto utlån til verkeleg verdi pr. 30.06.24</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Samla brutto utlån pr. 30.06.24</b>	<b>23 156 163</b>	<b>2 858 231</b>	<b>199 899</b>	<b>26 214 293</b>
Samla nedskrivning på utlån pr. 30.06.24	7 049	13 942	11 941	32 932
<b>Samla netto utlån pr. 30.06.24</b>	<b>23 149 114</b>	<b>2 844 290</b>	<b>187 957</b>	<b>26 181 361</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.06.24</b>	<b>2 231 651</b>	<b>60 109</b>	<b>0</b>	<b>2 291 760</b>
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.06.24	204	75	0	279
<b>Netto eksponering på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.06.24</b>	<b>2 231 447</b>	<b>60 035</b>	<b>0</b>	<b>2 291 481</b>

## Note 5 Engasjement fordelt på steg i IFRS9, framhald

2023	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.23</b>	<b>25 544 763</b>	<b>2 263 849</b>	<b>129 491</b>	<b>27 938 103</b>
Overføringar til trinn 1	461 453	- 458 918	- 2 536	0
Overføringar til trinn 2	- 1 483 373	1 501 296	- 17 923	0
Overføringar til trinn 3	- 9 799	- 56 051	65 851	0
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	1 940 729	323 700	11 921	2 276 350
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 3 483 147	- 352 637	- 22 780	- 3 858 564
Andre endringar	- 597 696	- 55 584	- 4 177	- 657 457
<b>Brutto utlån til amortisert kost pr. 30.06.23</b>	<b>22 372 929</b>	<b>3 165 655</b>	<b>159 848</b>	<b>25 698 432</b>
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost pr. 30.06.23	6 675	16 579	9 681	32 935
<b>Netto utlån til amortisert kost pr. 30.06.23</b>	<b>22 366 253</b>	<b>3 149 076</b>	<b>150 167</b>	<b>25 665 497</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 30.06.23</b>	<b>27 720</b>	<b>11 813</b>	<b>0</b>	<b>39 533</b>
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 30.06.23	8	37	0	45
<b>Netto utlån til verkeleg verdi pr. 30.06.23</b>	<b>27 712</b>	<b>11 776</b>	<b>0</b>	<b>39 488</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Samla brutto utlån pr. 30.06.23</b>	<b>22 400 649</b>	<b>3 177 468</b>	<b>159 848</b>	<b>25 737 964</b>
Samla nedskrivning på utlån pr. 30.06.23	6 683	16 616	9 681	32 980
<b>Samla netto utlån pr. 30.06.23</b>	<b>22 393 966</b>	<b>3 160 852</b>	<b>150 167</b>	<b>25 704 985</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.06.23</b>	<b>2 070 750</b>	<b>57 433</b>	<b>367</b>	<b>2 128 550</b>
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.06.23	182	118	5	305
<b>Netto eksponering på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.06.23</b>	<b>2 070 568</b>	<b>57 315</b>	<b>362</b>	<b>2 128 245</b>

## Note 6 Verdipapirgjeld

	30.06.24	30.06.23	31.12.23
<b>Pålydande verdi:</b>			
Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak	0	0	0
Obligasjonsgjeld til amortisert kost	16 900 000	15 917 000	15 917 000
Eigne ikkje amortiserte sertifikat/obligasjonar til amortisert kost	- 508 000	- 79 000	- 354 000
Obligasjonsgjeld til verkeleg verdi	5 025 000	5 025 000	5 025 000
<b>Sum gjeld stifta ved utskriving av verdipapir</b>	<b>21 417 000</b>	<b>20 863 000</b>	<b>20 588 000</b>
<b>Løpetid</b>			
Gjenstående løpetid (netto pålydande verdi)			
2024	0	1 938 000	1 663 000
2025	7 492 000	5 000 000	5 000 000
2026	4 000 000	4 000 000	4 000 000
2027	4 900 000	4 900 000	4 900 000
2029	1 000 000	1 000 000	1 000 000
2030	1 000 000	1 000 000	1 000 000
2032	525 000	525 000	525 000
2033	1 000 000	1 000 000	1 000 000
2034	1 000 000	1 000 000	1 000 000
2037	500 000	500 000	500 000
<b>Sum</b>	<b>21 417 000</b>	<b>20 863 000</b>	<b>20 588 000</b>
Nye lån i 2024	<b>3 000 000</b>		
Netto tilbakebetalingar i perioden	<b>2 040 805</b>		

ISIN nummer	Pålydande	Rente	Kupongmargin	Utløpsdato *)	Bokført 30.06.24
NO0010843311	3 000 000	3 MND. NIBOR	0,49	23.04.25	3 029 597
NO0010881048	4 000 000	3 MND. NIBOR	0,49	18.06.26	4 013 646
NO0010895329	900 000	3 MND. NIBOR	0,40	12.10.27	910 367
NO0011008377	4 000 000	3 MND. NIBOR	0,75	27.05.27	4 069 540
NO0012916818	2 000 000	3 MND. NIBOR	0,21	15.01.25	1 506 466
NO0013181529	3 000 000	3 MND. NIBOR	0,23	15.10.25	3 031 413
NO0012713553	1 000 000	Fast	4,14	04.10.29	1 016 308
NO0010830524	1 000 000	Fast	2,68	31.08.33	912 364
NO0010863772	1 000 000	Fast	2,04	20.09.34	849 629
NO0010871643	1 000 000	Fast	2,30	19.06.30	902 865
NO0012654476	500 000	Fast	3,72	31.08.37	495 804
NO0012767963	525 000	Fast	3,80	30.08.32	524 297
<b>Sum gjeld stifta ved utskriving av verdipapir</b>	<b>21 925 000</b>				<b>21 262 294</b>

Tabellen viser ordinære forfall.

\*) Iflg. avtalevilkår kan utløpsdato forlengast med eitt år.

Alle lån er i NOK.

Til inngåtte låneavtalar er det knytt standard lånevilkår.

Selskapet har 6 fastrenteinnlån. Det er inngått sikringsforretning for å motverke verdisvingingane i obligasjonsinnlåna og det er i samband med dette innført sikringsbokføring. Det er eit tilnærma 1:1 forhold mellom sikringsobjektet (innlånet) og sikringsinstrumentet (renteswappen).



## Note 7 Kapitaldekning

<b>ANSVARLEG KAPITAL</b>	<b>30.06.24</b>	<b>30.06.23</b>	<b>31.12.23</b>
Aksjekapital og overkurs	2 150 000	2 150 000	2 150 000
Annan egenkapital	12 829	12 444	12 829
<b>Eigenkapital</b>	<b>2 162 829</b>	<b>2 162 444</b>	<b>2 162 829</b>
<b>Annan kjernekapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Frådrag:			
Verdijustering (forsvarleg verdsetting)	- 766	- 733	- 577
Utsett skattefordel	0	0	0
<b>Netto kjernekapital</b>	<b>2 162 063</b>	<b>2 161 711</b>	<b>2 162 252</b>
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>2 162 063</b>	<b>2 161 711</b>	<b>2 162 252</b>
<b>Netto tilleggskapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>2 162 063</b>	<b>2 161 711</b>	<b>2 162 252</b>
<b>BEREKNINGSGRUNNLAG</b>			
<b>Kredittrisiko</b>			
Institusjonar	54 150	77 828	72 350
Massemarknadsengasjement	106 771	133 520	146 172
Engasjement med pant i bustad	9 024 995	8 858 104	8 610 539
Forfalne engasjement	189 169	151 823	228 364
Obligasjonar med fortrinnsrett	36 090	33 072	25 701
Andre engasjement	77 614	76 620	27 233
<b>Sum berekningsgrunnlag kredittrisiko</b>	<b>9 488 789</b>	<b>9 330 967</b>	<b>9 110 360</b>
Operasjonell risiko	398 898	389 812	398 898
CVA	198 023	242 550	219 732
<b>Samla berekningsgrunnlag</b>	<b>10 085 710</b>	<b>9 963 329</b>	<b>9 728 990</b>
<b>Overskot ansvarleg kapital</b>	<b>1 355 206</b>	<b>1 364 645</b>	<b>1 383 933</b>
<b>KAPITALDEKNING</b>			
Kapitaldekningsprosent	21,44 %	21,70 %	22,22 %
Kjernekapitaldekning	21,44 %	21,70 %	22,22 %
Rein kjernekapitaldekning	21,44 %	21,70 %	22,22 %
Uvekta kjernekapitalandel	7,91 %	8,04 %	8,27 %

Kapitaldekninga er utrekna i samsvar med kapitalkravsforskrifter (Basel II). Standardmetoden er nytta for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko. Opprinneleg engasjementsmetode er nytta for derivatvirksomhet.

## Note 8 Transaksjonar med nærstående partar

### Transaksjonar med konsernselskap

	30.06.24	30.06.23	31.12.23
Renter motteke frå Sparebanken Sogn og Fjordane	8 122	6 818	14 755
Renter betalt til Sparebanken Sogn og Fjordane	80 428	99 699	180 085
Renter betalt til Sparebanken Sogn og Fjordane på OMF	15 707	205	205
Kjøpte tenester av Sparebanken Sogn og Fjordane	3 803	4 261	8 321
Innskot i Sparebanken Sogn og Fjordane	143 318	246 862	228 804
Gjeld til Sparebanken Sogn og Fjordane	2 972 232	3 150 790	2 606 451
OMF-gjeld til Sparebanken Sogn og Fjordane	1 516 755	0	0

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ingen tilsette. Det er inngått avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane om levering av tenester knytt til låneadministrasjon og drift av selskapet. Alle utlån som selskapet har er overført frå Sparebanken Sogn og Fjordane, og det er inngått avtale med banken om forvaltning av denne utlånsporteføljen. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS påtek seg all risiko knytt til låna som er kjøpte frå morbanken. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har fått tilgang til sterke kredittfasilitetar hos Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette skal sikre at selskapet er i stand til å dekkje lånekundane sine opptrekk på etablerte fleksilån, at selskapet har mellomfinansiering ved overføring av lån og finansiering av nødvendig overdekning i sikkerheitsmassen.

Nærare om kredittavtalane:

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS (BSF) har fire kredittavtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane (SSF):

- Ein rammekreditt på 1.200 mill. kr. til finansiering av oppgjør ved kjøp av bustadlån frå SSF. Avtalen er ein rullerande kredittfasilitet med ein oppseiingsfrist frå SSF si side på 15 mnd. BSF kan kan seie opp eller endre ramma med SSF med 14 dagars varsel. Nytt ramma pr. 30.06.2024 er 402 mill. kr.
- Ein kredittavtale som kan nyttast for å finansiere opptrekk på til ei kvar tid ubrukte fleksilånsrammer. Pr. 30.06.2024 er ramma på avtalen 2 292 mill. kr.
- Ein kredittavtale knytt til overkollateralisering. Avtalen skal berre nyttast til kjøp av lån som inngår i sikringsmassen, og til kjøp av instrument som kvalifiserer som likviditetsreserve. Ramma pr. 30.06.2024 er på 1 754 mill. kr, og er avhengig av OMF-volumet som til ei kvar tid er utferda.
- Eit langsiktig rammelån. Ramma på lånet er på 1.000 mill. kr og er trekt opp pr. 30.06.2024.

I tillegg til desse 4 kredittavtalane er det inngått ein ISDA avtale mellom BSF og SSF. ISDA avtalen regulerer all derivathandel mellom partane. ISDA avtalen har same oppbygging som andre avtalar som SSF har med andre eksterne aktørar der ein dagleg måler verdiendringane av rentesikringsavtalane og der sikkerheit blir utveksla. Ved utlegging av fastrente OMF rentesikrar SSF volumet mot ekstern part og internswappar vidare til BSF.

Alle avtalar og transaksjonar er inngått etter prinsippet om armlengdes avstand.

## Note 9 Fyllingssikkerheit

	30.06.24	30.06.23	31.12.23
Bankinnskott i morbank	143 272	246 862	228 804
Sertifikat med statsgaranti	0	0	0
Andre sertifikat og obligasjonar	0	0	0
<b>Sum fyllingssikkerheit</b>	<b>143 272</b>	<b>246 862</b>	<b>228 804</b>

## Note 10 Verkeleg verdi på finansielle instrument

### Verkeleg verdi på finansielle instrument som er bokført til amortisert kost

	30.06.24		30.06.23		3	
	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi
<i>Finansielle eigedelar</i>						
Utlån og krav på kredittinstitusjonar	143 318	143 318	246 862	246 862	228 804	228 804
Utlån til kundar (brutto)	26 214 293	26 214 293	25 698 432	25 698 432	25 127 741	25 127 741
<b>Sum finansielle eigedelar til amortisert kost</b>	<b>26 357 611</b>	<b>26 357 611</b>	<b>25 945 293</b>	<b>25 945 293</b>	<b>25 356 545</b>	<b>25 356 545</b>
<i>Finansiell gjeld</i>						
Gjeld til kredittinstitusjonar	2 972 232	2 972 232	3 150 790	3 150 790	2 606 451	2 606 451
Verdipapirgjeld (OMF)	16 561 028	16 600 314	15 990 688	15 960 778	15 734 362	15 744 626
<b>Sum finansiell gjeld til amortisert kost</b>	<b>19 533 260</b>	<b>19 572 546</b>	<b>19 141 478</b>	<b>19 111 569</b>	<b>18 340 813</b>	<b>18 351 076</b>

### Finansielle eigedelar innrekna til verkeleg verdi

<i>Finansielle eigedelar til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet</i>	30.06.24			SUM
	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	0	0	0	<b>0</b>
Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi	213 340	360 896	0	<b>574 237</b>
Derivat, handelsportefølje	0	77 614	0	<b>77 614</b>
<i>Finansiell gjeld til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet (brutto)</i>				
Verdipapirgjeld (OMF)	0	4 701 266	0	<b>4 701 266</b>
Derivat, handelsportefølje	0	438 123	0	<b>438 123</b>

### Verkeleg verdi hierarki

Finansielle instrument som er bokført til verkeleg verdi skal delast inn etter nivå:

Nivå 1: Kvoterte prisar i aktive marknader

Nivå 2: Verdi utleia frå observerbare prisar for liknande aktiva direkte eller indirekte

Nivå 3: Verdi som ikkje er basert på observerbare prisar, t.d. verdsetting basert på eigen verdsettingsmodell

## ERKLÆRING FRÅ STYRET OG DAGLEG LEIAR

Vi erklærer etter beste overtyding at kvartalsrekneskapen pr. 2. kvartal 2024 er utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningane i rekneskapen viser eit rett bilde av selskapet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Styret meiner at kvartalsrapporten gir ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til selskapet, og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forholda og risikofaktorane selskapet står overfor.

Førde, 13.08.2024

Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Frode Vasseth  
Styreleiar

Ole Aukland

Andrea Kvamsdal

Peter Midthun

Linda Vøllestad Westbye

Irene Flølo  
Dagleg leiar



# Opplysningar om selskapet

## ADRESSE:

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS  
Langebruvegen 12  
6800 Førde

TELEFON 57 82 97 00

FØRETAKSNUMMER 946 917 990

## LEIING

Irene Flølo Dagleg leiar

## STYRE

Frode Vasseth	Styreleiar
Ole Aukland	Styremedlem
Andrea Kvamsdal	Styremedlem
Peter Midthun	Styremedlem
Linda Vøllestad Westbye	Styremedlem

## KONTAKTPERSON

Irene Flølo, dagleg leiar  
Tlf. 97 66 76 15